

## MØTEREFERAT

Tema: Ny landkommune (Solnør), 1. møte i koordinerende gruppe  
Dato/Sted: Parken Hotel, Ålesund 9. april 2015, 13:00 til 14:15

Møteleder: Torbjørn Fylling, ordfører Ørskog kommune  
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS  
Fremmøtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef Vestnes kommune  
Torbjørn Fylling, ordfører Ørskog kommune  
Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune  
Erlend Krumsvik, rådgiver, Sunnmøre Regionråd IKS

Vedlegg:

Formålet med møtet var å planlegge fyrste møte med arbeidsgruppene, og koordinerer arbeidet fram mot dette møtet. Fyrste møte med deltakarane i arbeidsgruppene er måndag 13. april 2015, på Ørskog rådhus. Det er alt sendt ut varsel om dette møtet til deltakarane.

Eit prinsipp for det vidare arbeidet er å fylgje arbeidsmetodikken til prosjekt «Regionkommune Sunnmøre», då alle – bortsett frå Vestnes kommune – er med i dette prosjektet også. Likevel skal det vere rom for individuell tilpassing.

Fylgjande agenda for møtet måndag vart diskutert, og vedtatt.

### Agenda

- \* Kort om kommunereformen;  
bakgrunn, mål og nasjonale føringer. v/prosessleder hos fylkesmannen,  
Vigdis Rotlid Vestad.
- \* Ny landkommune,  
arbeidet så langt og gjennomgang av prosjektplan v/leder av  
styringsgruppen Torbjørn Fylling
- \* Arbeidsgruppene;  
sammensetning, mandat, prosess og forventet resultat v/koordinerende  
gruppe v/Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
- \* Gruppemøter; konstituering av gruppene (leder og sekretær)  
og planlegging av det vidare arbeidet.
- \* Felles oppsummering og avslutning  
v/Torbjørn Fylling
- \* Møtet slutt, kort ettersamling for gruppelederne

Gruppenes samansetning, og vegleiaren «Veien til en ny kommune» skal sendast ut saman med agenda til deltakarane i arbeidsgruppene.

Vigdis Rotlid Vestad har ikkje sendt stadfesting på skrivande stund.

Arbeidet til gruppene skal baserast på tilbakemelding frå alle deltakarkommunane, der kommunane skal utarbeide ei punktvis SWOS-matrise på dei fire fagområda som arbeidsgruppene blir delt inn i. Det vart understreka i møtet at kommunane skal utarbeide respektive SWOT-matriser for kvart enkelt tema, totalt fire matriser.

Desse er:

- Prinsipp for samarbeidet mot ny kommune og mål og visjon for den nye kommunen
- Økonomi i den nye kommunen
- Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon/Demokrati og styringsform
- Tenesteproduksjon og utøving av mynde

Oppdraget til kommunane skal sendast ut som ei formell bestilling, til kommunenes postmottak. Tilbakemeldinga skal vere punktvis, og berre dersom det er rom for mistolking i punkta skal dette utfyllast med tekstforklaring.

Kommunane blir gitt ein frist til før 1. mai 2015 med å svare på oppdraget.

Tilbakemeldingane frå kommunane er grunnlaget for oppdraget til arbeidsgruppene. Desse skal samordne dei respektive SWOT-matrisene, og utarbeide ei analyse av status. Dette skal presenterast for styringsgruppa, og eit dokument skal utarbeidast som grunnlag til kommunenes politiske sakshandsaming.

### **Mandat til arbeidsgruppene.**

Overordna skal gruppene utarbeide eit dokument som samanfattar tilbakemeldingane frå kommunane. Dette dokumentet skal nyttast til kommunenes politiske sakshandsaming.

Alt arbeid skal gjerast i lys av den nye kommunen (Ny landkommune)

Leiar av gruppene

- Være i dialog med koordinerande gruppe
- Være møteleiar i gruppa, koordinere arbeidet.
- Avklare gruppas behov for sakleg dokumentasjon (avgrensa til eksisterande utgreiingar og offentlege dokument)
- Sjå til at arbeidet frå gruppa blir dokumentert, møtereferat og sluttprodukt.
- Levere innanfor avtalt tidsfrist.

Sekretær i gruppa.

- Skrive møtereferat.
  - Kopi av referat og sluttprodukt skal sendast koordinerande gruppe:  
[v/erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no](mailto:v/erlend.krumsvik@sunnmoreregionrad.no)
- Kalle inn til møter, og organisere møtestad.
- Sjå til at endeleg resultat/dokument er utarbeida innanfor tidsfrist.

Møtet slutt 14:15